



## SAKSFRAMLEGG

|  |                            |
|--|----------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b> Opheim, Kenth P. | <b>Arkivkode:</b> FE - 231 |
| <b>Arkivsaksnr:</b> 15/713             | <b>Løpenr:</b> 17/10846    |
| <b>Sakstype:</b> Politisk sak          |                            |

### SAKSGANG

| <b>Styre, utval, komité m.m.</b> | <b>Møtedato</b> | <b>Saksnr</b> |
|----------------------------------|-----------------|---------------|
| Kommunestyret                    | 13.12.2017      | 056/2017      |

### Renovasjonsgebyr 2018

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyr på vegner av Samnanger kommune, jfr§ 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhøyrrer Samnanger kommune.
2. Prisen på renovasjonstenesta for 2018 vert sett ned med 1 %, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonene og einsskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert haldne uendra.

Samnanger kommune vedtek avfallsgebyr i samsvar med vedlagte prismatrise.

#### Dokument som er vedlagt:

Renovasjonsgebyr for 2018  
Renovasjonsgebyr 2018 Samnanger kommune  
Gebyrvedtak\_varelinjer\_Samnanger\_2018  
Samnanger FORSLAG TIL VEDTAK 2018- 2  
Budsjett BIR Privat AS 2018

#### 13.12.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### KS- 056/2017 Vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyr på vegner av Samnanger kommune, jfr§ 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhøyrrer Samnanger kommune.

2. Prisen på renovasjonstenesta for 2018 vert sett ned med 1 %, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonene og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert haldne uendra.

Samnanger kommune vedtek avfallsgebyr i samsvar med vedlagte prismatrise.

#### **Kva saka gjeld:**

Samnanger kommune er ein av eigarkommunane i BIR. I brev datert 12.09.2017 orienterte BIR om korleis avfallsgebyr 2018 for BIR Privat AS skal fastsetjast. Det vert i brevet orientert om at § 34 i Forureiningslova slår fast at det er kommunen som skal fastsetja avfallsgebyr. I brevet står det vidare følgjande:

*«Med bakgrunn i at BIR skal ha lik pris på lik teneste er det av stor viktighet at alle våre eierkommuner vedtar like priser. Det er også en viktig føresetnad at kommunens vedtak omfatter samtlige tjenester som skal tilbys av BIR med sammenfallende prisliste. Forslag til vedtak om avfallsgebyr er derfor identisk i alle eierkommunene, og vi ber om at vedlagte forslag til vedtakstekst og pristabell legges til grunn for kommunens vedtak.»*

Forslag til vedtak og pristabellar var vedlagt BIR sitt brev datert 12.09.2017. Både brevet, forslaget til vedtak og pristabellane følgjer som vedlegg til dette saksframlegget.

Me viser til vedlegga i saka for utfyllande informasjon.

BIR sitt forslag til vedtak er som følgjer:

1. *Samnanger kommune vedtar at BIR Privat AS delegeres fullmakt til fakturering og innkreving av avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune, jfr § 12 i Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning. Avfallsgebyret tilhører Samnanger kommune.*
2. *Prisen på renovasjonstjenesten for 2018 settes ned med 1%, med unntak av egenandelen for levering til gjenvinningsstasjonene og enkelte tjenester utenfor standard renovasjon. Disse holdes uendret.*

*Kommunalt påslag settes til kr.....*

*Samnanger kommune vedtar avfallsgebyr i henhold vedlagte prismatrise.*

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Samnanger kommune har i dag ikkje kommunalt påslag på BIR sine prisar. Det vert heller ikkje foreslått å innføra kommunalt påslag i 2018. Rådmannen tilrår at kommunestyret gjer vedtak i samsvar med BIR sitt vedtaksforslag, men at vedtaksteksten vert omskriven til nynorsk.